

Fra: Øyvind Tolleshaug
Til: sfvipost@statsforvalteren.no
Emne: Klage på vedtak etter plan- og bygningslova. Utlegging av flytebrygge. Del 1.
Dato: torsdag 24. juni 2021 13:24:00
Vedlegg: [01 Kvittering for nabovarsel1+SV+ 193096.pdf.pdf](#)
[image005.png](#)
[01 Opplysningar gjeve i nabovarsel.pdf](#)
[01 Søknad BOH.pdf](#)
[01 Søknad om å leggje ut flytebrygge - kart.pdf](#)
[02 e-post frå FK.pdf](#)
[02 vedlegg til e-post.pdf](#)
[03 e-post frå Inger Steinsbø.pdf](#)
[04 Brev frå FK til naboar - Nabovarsel.pdf](#)
[04 Vedlegg brev frå FK.pdf](#)
[05 Løyve til å leggja ut flytebrygge..pdf](#)
[05 Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak.pdf](#)
[06 e-post frå Arent Wiken.pdf](#)
[06 vedlegg til e-post.pdf](#)
[07 Løyve til å leggja ut flytebrygge..pdf](#)
[07 Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak \(1\).pdf](#)
[10 Brev i sak om byggjeløyve for flytebrygge på gnr.168 bnr.16.pdf](#)
[10 Oversendelse av brev i sak om byggetillatelse for flytebrygge på gnr. 168 bnr \(1\).pdf](#)
[10 Vedlegg 1 og 2. Vedtak om flytebrygge 2014.pdf](#)
[10 Vedlegg 3. Bilder av havneinnløp.pdf](#)
[11 OM KLAGE PÅ VEDTAK OM LØYVE TIL LEGGE UT FLYTEBRYGGE PÅ GNR. 168, BNR. 16..pdf](#)
[11 Oversendelse av brev i sak om byggetillatelse for flytebrygge på gnr. 168 bnr.pdf](#)
[12 Byggesak gbnr 168_16 Sjøanesvegen - utlegging av flytebrygge - Merknad Jorunn Nygård.pdf](#)

Saka gjeld utlegging av ei flytebrygge på gnr. 168, bnr. 16 i Fedje kommune.

Jorunn og Agnar Nygård er tiltakshavar. Jorunn Nygård er heimelshavar til gnr. 168, bnr. 16.

Inger Steinsbø og Arent Wiken er klagar. Arent Wiken er heimelshavar til gnr. 168, bnr. 28. Bnr. 28, ligg sør for bnr. 16.

Vedtak i f-sak 012/21 :

F - vedtak:

I medhald av delegeringsreglement for Fedje kommune, sist revidert i k-sak 066/20 og § 20-4 og § 21-4 i plan- og bygningslova, gjer formannskapet følgjande vedtak :

Jorunn Nygård får rammeløyve til å leggja ut flytebrygga på 5,3 x 2,3 meter, bygga landfeste og gangbru frå land og forankringar i samsvar med plan motteke i kommunen 8. desember 2020. Løyvet gjeld på gnr. 168, bnr. 16.

Vilkår for løyvet :

Hovudlodd skal vera 4 meter frå piren og minimum 5 meter av kjetting mellom flytebrygge og hovudlodd skal liggja på sjøbotnen ved fjære sjø.

Formannskapet ber administrasjonen om at dei går i dialog med Statens Vegvesen om at det vert satt opp eit skilt som gir forbod mot fortøyning på forlenginga av piren. Samrøystes vedteke.

Inger Steinsbø/Arent Wiken klaga på vedtaket. Formannskapet handsama klagen som sak 056/21.

F - vedtak:

Formannskapet står fast på vedtaket i sak 012/21 den 9. februar i år. Saka går til statsforvaltaren som klageinstans.

Samrøystes vedteke.

Alle dokument i saka er offentlege. Saka gjeld ikkje viktige samfunnsinteresser. Klagen er ikkje

gjeve utsetjande verknad.

Saka har vore handsama av Statsforvaltaren ein gong tidlegare. Vedtaket vart då oppheva.

Pga storleiken på vedlegga, vert det sendt 3 e-postar. Kvart dokeument har fått fortløpande nummer, 1 til 35. Hovud-dokument og vedlegg har same nummer. Dokument nr 8 og nr 9 eksisterer ikkje.

Partane er i dag orientert med brev om at saka er sendt Statsforvaltaren i Vestland for handsaming.

helsing

Øyvind Tolleshaug

teknisk sjef

Direkte 56 16 51 13 | **Mobil** (+47) 452 61 502 |

Vareadresse og fakturaadresse : Fedje kommune, Stormarkvegen 49, 5947 FEDJE

EHF-faktura : 944 041 036

Internett www.fedje.kommune.no



FEDJE KOMMUNE
– Landsbyen i havet

Me gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse; både innkomande og utgåande e-post vert vurdert for journalføring i kommunen sitt sak- og arkivsystem. E-postar med innhald knytt til konkrete saker under handsaming bør sendast til postmottak@fedje.kommune.no, gjerne med kopi til mi e-postadresse.